

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av: Johannes Lid, f.1886.

Gard: Lid

(adresse): Botanisk Museum
Oslo 45.

G.nr. 189 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det frå Voss, frå 1890-åra.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Fyrste gongen eg såg julenissen var i eit jolelåg hos han Nils Gjerdåker ved Palmafossen på Voss, og det må ha vore i 1893. Han Nils var gift med morsyster mi, og budde ved Palmafossen sidan 1892. Så kørde me i slede ned der, me var fem born og dei var fire. Eg kvakk litt då jolenissen kom inn, men ho mor lo, og då var det ikkje noko til å verta redd. ^{av} Eg forsto nokso snart at det var han Nils som var utkledd og tilstasa med mykje meir skjegg enn han elles hadde, og maske og sekk på ryggen som han delte ut jolegåver or. Slikt hadde me aldri gjort heime. Han Nils hadde vore ute i verden, m. a. i Sør-Afrika, han var lentug og morosam og hadda mange innfall. Eg veit ikkje av at eg har sett jolenissen elles på Voss, det var ein skikk som ikkje var kjend der, i all fall ikkje før den tid. Jolemaska hadde nok han Nils hatt frå før, eller han hadde fått den frå Bergen.

Johannes Lid

Oslo 29/3 1951.

5982